

Etne Kulturhus/Kino
Enge
5590 Etne

Det kongelige kulturdepartement
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

HØYRINGSUTTALE

UTKAST TIL FORSKRIFT OM FILM OG VIDEOGRAM

Etne kino er ein liten privat kino med mål om å syne eit variert filmtilbod til alle aldersgrupper.

Vi er uroa over den retninga departementet peikar ut i defineringa av Film & Kino sine basisoppgåver. Vi ynskjer difor å komme med innspel til forskrift om film og videogram.

Film & Kino er ein viktig støttespelar for oss småkinoar. Film & Kino sit på stor kunnskap om kinobransjen og har ivaretatt viktige oppgåver for bransjen gjennom mange år. Den største oppgåva dei siste åra har nok vore digitaliseringa av kinoane. Gjennom bruken av midlar i filmfondet kunne alle kinoane i landet vere med i omlegginga til digital kino og Noreg beheldt sin unike kinostruktur. Kvar kino har tatt sin del av utgiftene gjennom å investere store summer til oppgradering og digitalisering. Dette har vore store løft for småe kinoar. Ein av føresetnadene for den store satsinga var å få lettare tilgang på aktuell og god film. Kinoane har fått fleire premierar, men opplever no problem med å få tak i kvalitetsfilm. Nokre byrå tek smale filmar av plakaten før småe kinoar får desse. Vi stiller oss undrande til denne praksisen sidan kostnadene for produksjon av DCP-ar er låge i høve utgiftene til produksjon av 35 mm kopiar. Kinoen ynskjer å tilby publikum kvalitetsfilm også i framtida. Då treng vi drahjelp gjennom sentrale kampanjar og støtteordningar som Film & Kino har stått for.

Film & Kino sine framtidige oppgåver skal no vurderast.

Film & Kino har alt fått tildelt nye oppgåver. Endringar i Film og Kino sine oppgåver og rammevilkår påverkar vår verksemd. Kinoane merkar sterk konkurranse frå TV og nettenester. Det er såleis usikkert kor lenge digitaliserings- og 3D- effekten vil gje gode billettinntekter for kinoane og dermed avgiftsinntekter til fondet. Vi har alt merka at Film & Kino har hatt sviktande inntekter til fondet grunna dalande DVS-sal. Då er det spesielt viktig at ein prioriterer midlane rett.